



Avtale om intervjuopptak

Den _____ (dato) gjorde _____ (etter dette kalla intervjuaren)

eit intervju med _____ (etter dette kalla forteljaren).

Opptaket var ein del av Memoar sitt prosjekt "Bergensminne" (Bergen.Memoar.no), og vart gjort i samarbeid med Bymuseet i Bergen. Formålet var å samla munnleg kjeldemateriale om livet i Bergen i vår nære fortid og samtid. Dokumentasjonen (intervju, innsamling av foto, fotografering) er gjennomført som eit ledd i Bymuseet i Bergen si samfunnsrolle i forhold til å bevare Bergen og omland si historie.

Bruk og arkivering av materialet:

Opptaket er forteljaren sin intellektuelle eigedom. Originalopptaket, ein kort tekst og ei stikkordsliste som gir oversyn over (dokumenterer) kva samtalen handlar om, og eventuelt tilhøyrande fotomateriale skal arkiverast hjå Memoar, Bymuseet i Bergen og/eller avleverast eit offentleg arkiv. Forteljaren skal få kopi eller tilgang.

Denne avtalen gir Memoar og Bymuseet i Bergen rett til å bruka originalopptaket og fotomaterialet, eller deler av det, i formidling, forskning, dokumentasjon. Dei kan og vidareføre bruksrett til originalopptaket til forskarar og andre som arbeider med nyare historie i Noreg.

Memoar/Bymuseet i Bergen kan lage ein publiseringsversjon av opptaket der eventuelle utsegn som kan vere i strid med god presseskikk eller med norsk lov, vert fjerna. Stikkorda om innhaldet kan leggst til i form av undertekstar i publiseringsversjonen. Publiseringsversjonen skal godkjennast av forteljaren før bruk. Etter det er publiseringsversjonen ei offentleg ytring.

Publiseringsversjonen, eller deler av han, kan brukast i utstillingar, publikasjonar, nettmedia og i marknadsføring. Partane understrekar at all bruk må skje i samsvar med gjeldande lover og reglar om ytringsfridom, personvern, forskningsetikk og god presseskikk.

Eventuelle andre avgrensingar i bruk skal definerast her:

Samtykkeerklæring:

Forteljaren samtykker i at opptaket vert gjort, og at det vert arkivert og brukt slik skildra ovanfor.

Bergen, dato:

Underskrift forteljar

Namn:

Fødselsdato:

Underskrift intervjuar

Namn:

Fødselsdato: